



## Møteinnkalling

**Utval:** SOGN REGIONRÅD  
**Møtestad:** Sogn Jord- og Hagebruksskule, Aurland  
**Møtedato:** 06.12.2013 **Tid:** kl 0930

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

### Dagsorden

- 0930 Ordførar Noralv Distad ønskjer velkomen  
Oppmøte  
Godkjenning av innkalling og sakliste  
Godkjenning av protokoll frå møtet 25.10.2013  
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1130 Orientering om Sogn Jord- og Hagebruksskule ved rektor Bjørg Fritsvold
- 1200 Lunsj
- 1245 Status og framdrift for den nasjonale restruktureringsprosessen av destinasjons- og landsdelsselskapa ved reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord as
- 1315 Orientering om prosjekt for å vurdere samla plan for prehospitala tenester ved prosjektleiar og ambulansesjef Stian Sægrov, Helse Førde
- 1400 Vel heim!

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. <b>Tittel</b>
<b>30/13</b>	13/3825-1 <b>Produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv</b>
<b>31/13</b>	13/3856-1 <b>Visit Sognefjord - søknad om tilskot for 2013 og 2014</b>
<b>32/13</b>	11/2965-10 <b>Arbeidsdokument for verknader av auka ferjefrekvens for Hella-Vangnes-Dragsvik</b>
<b>33/13</b>	13/3681-2 <b>Søknad om støtte til Framtidsfylket karrieremesser 2014</b>
<b>34/13</b>	10/3291-10 <b>Profilering av Sogn på nettsida til Framtidsfylket</b>
<b>35/13</b>	13/2019-6 <b>Budsjett 2014 Sogn regionråd</b>
<b>36/13</b>	13/266-13 <b>Orienteringssaker</b>

Sogndal, 25. november 2013

Noralv Distad  
leiar

Karina Nerland  
dagleg leiar

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 13/3825

---

Arkiv: U64 &amp;31

**Saksnr.:** Utval  
30/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.12.2013

**Sak** 30/13

### **Produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd set av kr 120 000 av regionale utviklingsmidlar i 2014 til produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv.

#### **Vedlegg:**

Framlegg til arbeidsplan for produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv

#### **Saksutgreiing:**

Sogn regionråd har næringsutvikling som eitt satsingsområde og eitt av delmåla er auka lønnsemd i reiselivet med fleire heilårsarbeidsplassar, fleire heilårsopne attraksjonar og aktivitetar og auka tal gjester heile året. I tiltaksplanen for 2013-2014 heiter det at vi skal bidra med midlar til ein produkt- og marknadsanalyse for heilårsturisme. I samarbeid med Visit Sognefjord er det laga forslag til plan for arbeidet. Føremålet med analysen er å få eit faktagrunnlag som skal liggja til grunn for det vidare produktutvikling og marknadskommunikasjon.

Visit Sognefjord vil finna statistikk og gje innspel til analysen. Høgskulestudentar på reiselivslinja kan gjennomføra undersøkinga som del av si studentoppgåve. Sogn regionråd leiger inn konsulent som bistår undervegs og tek seg av rapporten. Arbeidet kan starta no i desember og vil bli avslutta til våren. Det vert elles vist til vedlagde arbeidsplan.

Administrasjonen tilrår at rådet set av kr 120 000 av regionale utviklingsmidlar til analysearbeidet.

## Vedlegg

### Arbeidsplan

#### Produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv

Føremålet med analysen er at produkt- og marknadsundersøkinga skal gi eit kunnskapsgrunnlag som Visit Sognefjord og reiselivsaktørane kan bruka i produktutvikling og marknadskommunikasjon for heilårs reiseliv.

Arbeidet startar desember 2013 og varer fram til rapporten vert lagt fram i juni 2014.

#### Mål

Heilårs reiseliv med attraktive produkt, formidla gjennom effektive informasjons- og salskanalar

#### Behov

Faktaanalyse som grunnlag for konkret satsing på heilårs reiseliv.

#### Innhald i analysen

##### Produktanalyse

- Eksisterande produkt
- Planlagde produkt
- Manglande produkt - behov for supplering

##### Marknadsanalyse

- Eksisterande kundar
- Potensielle kundar
- Kundekrav - kundeforventningar

##### Kobla produkt og marknad - marknadskommunikasjon

- Informasjonskanalar
- Salskanalar
- Bookingløysingar

##### Tiltak

- Statistikk
- Gjestegransking
- Operatørintervju
- Produktregistrering – intervju med bedrifter
- Plattform for marknadskommunikasjon og sal

## Framdriftsplan – milepælar

Startdato ca	Beskriving av aktiviteten	Ansvarleg	Sluttdato ca
6.12.2013	Vedta plan for analysen (innhald, ansvarsfordeling og framdrift)	Sogn regionråd	6.12.2013
10.12.2013	Engasjera konsulent til å koordinera/leia analysearbeidet	Dagleg leiar	10.1.2014
15.12.2013	Kartleggingsfase (innhenta statistikk, spørjeskjema, kartlegga eksisterande produkt mv)	Høgskulen i Sogn og Fjordane og Visit Sognefjord i samråd med konsulent	1.4.2014
28.2.2014	Orientera rådet om kartleggingsarbeidet	Visit Sognefjord og konsulent	28.2.2014
1.4.2014	Analysefasen	Konsulent i samarbeid med Visit Sognefjord	1.5.2014
7.5.2014	Presentasjon i Sogn regionråd	Konsulent og Visit Sognefjord	7.5.2014
1.6.2014	Rapport frå marknads- og produktanalysen	Konsulent	1.6.2014
1.6.2014	Sak til Sogn regionråd	Dagleg leiar	20.6.2014

### Arbeidsgruppe

Det vert oppretta ei arbeidsgruppe som kvalitetssikrar innhaldet i analysearbeidet, ser til at framdrift følgjer planen og at aktuelle problemstillingar undervegs i arbeidet blir drøfta /avklart.

Deltakarar:

Representant frå Sogn regionråd

Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord

Helene Maristuen, lærar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Konsulent deltek på møta. Dagleg leiar er sekretær for arbeidsgruppa.

### Ansvarsfordeling

Studentar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, med rettleiing av læraren, gjennomfører spørjeundersøkinga (utforming av spørjeskjema og intervjuguide, gjennomføra datainnsamling med spørjeskjema og intervju og registrering i datasystem). Studentane gjer dette som del av si studentoppgåve.

Visit Sognefjord bistår med å finna statistikk / grunnlagsmateriell for ein analyse, og gir innspel undervegs i arbeidet.

Sogn regionråd leiger inn konsulent som koordinerer analysearbeidet, bistår i utforming av spørsmål til spørjeskjema og intervju, og i val av informantar. Konsulenten har ansvar for å skriva analysen og konkludera i rapporten som går til rådet.

### Økonomi og ressursbruk

Økonomisk ramme vert kr 120 000 av rådet sine regionale utviklingsmidlar. I tillegg kjem eigeninnsats i Visit Sognefjord, Høgskulen og Sogn regionråd.

<i>Utgifter</i>	<i>Sum</i>
Konsulent	95 000
Møte- og reiseutgifter	25 000
<b>Sum</b>	<b>120 000</b>

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 13/3856

---

Arkiv: 223

**Saksnr.:** Utval  
31/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.12.2013

**Sak** 31/13

### **Visit Sognefjord - søknad om tilskot for 2013 og 2014**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd løyver kr 240 000 til Visit Sognefjord til marknadsføring kvart år i 2013 og 2014.

#### **Vedlegg:**

Søknad om tilskot frå Visit Sognefjord vedlagt prospekt og marknads- og tiltaksplan

#### **Saksutgreiing:**

Visit Sognefjord søker om eit tilskot på kr 240 000 per år i 2013 og 2014 til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

Visit Sognefjord har i 2013 vidareført marknadsarbeidet frå reiselivslaga og gamle Visit Sognefjord. Prospekt med budsjett for 2013 og 2014 og tiltaksplan for 2013 og 2014 er lagt ved søknaden. Visit Sognefjord vedtek endeleg marknads- og tiltaksplan med budsjett for 2014 den 11.12.2013.

I budsjettet for 2013 utgjer dei totale inntektene for Visit Sognefjord kr 10,5 mill og for 2014 kr 11,3 mill. I grunnfinansieringa av selskapet for 2014 ligg tilskotet frå kommunane, fylkeskommunen og regionrådet, samla kr 5 205 000 og frå marknadsbidrag, annonsekampanjer og messedeltaking med kr 3 350 000. I tillegg kjem prosjektfinansiering og produktutvikling og provisjonsinntekter totalt kr 2,8 mill.

Felles profilering er ein av strategiane i fylket sin reiselivsplan for 2010-2025. Reiselivsnæringa er viktig for utviklinga av regionen. Sogn regionråd har som strategi i regionalplanen å styrka nye Visit Sognefjord som verktøy for reisemålsutvikling i regionen. Tilskot til felles reiselivssatsing er tiltak i tiltaksplanen for 2013-2014 og i budsjettet for 2013 er det vedteke å setja av kr 240 000 til Visit Sognefjord. Administrasjonen tilrår å løyva tilskotet for 2013 og 2014.



## Sogn Regionråd

Sogndal 10. januar 2012

### Søknad om tilskot for 2013 og 2014

Visit Sognefjord AS søker om tilskot på kr. 240 000,- per år i 2013 og 2014 til internasjonal og nasjonal marknadføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

Visit Sognefjord har i 2013 vidareført marknadsarbeidet frå reiselivslaga og gamle Visit Sognefjord. Vedlagt følger prospekt med budsjett for 2013 og 2014 og tiltaksplan for 2013 og 2014. Endeleg marknads- og tiltaksplan med budsjett for 2014 vert vedtatt 11.12.13.

Hovudmålet til Visit Sognefjord er auke frå 630.000 til 690.000 gjestedøgn og bidrag til auka lønsemnd i reiselivsnæringa. Veksten skal kome heile året, med størst del på haust, vinter og vår. Visit Sognefjord sitt marknads- og utviklingsarbeid skal gi grunnlag for høgare omsetning, lønsemnd og sysselsetting i regionen, i tillegg til forsterka omdømme som bu-, arbeids- og opplevingsregion (sjå § 3 «Føremål» i vedtektene, vedlagt prospekt).

Me vonar på positiv handsaming av søknaden.

Beste helsing,

Visit Sognefjord as

Ståle Brandshaug  
reiselivsdirektør

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 11/2965

---

Arkiv: N33

**Saksnr.:** Utval  
32/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.12.2013

**Sak** 32/13

**Arbeidsdokument for verknader av auka ferjefrekvens for Hella-Vangsnes-Dragsvik**

**Tilråding:**

Sogn regionråd set av inntil kr 50 000 av regionale utviklingsmidlar i 2014 til eit arbeidsdokument som bereknar samfunnsøkonomiske verknadar av auka ferjefrekvens for sambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik.

**Vedlegg:**

Samfunnsøkonomiske virkningar av økt ferjefrekvens, TØI-rapport 2013

**Saksutgreiing:**

Sogn regionråd har sidan våren 2011 arbeidd for "stive" avgangar (frekvens på 20 eller 30 minutt) og nattferjer for sambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik. Vi treng eit rutetilbod som tilpassa pendlarane og næringslivet sine behov i ein felles bu-, service og arbeidsmarknadsregion.

Vi har hatt møte med Statens vegvesen ved Region Vest og Vegdirektoratet.

Regionvegkontoret er i ferd med å slutføra framlegg til ruteopplegg som om kort tid koma på høyring til kommunane og regionrådet. Sogn regionråd arbeider for ei treferjeløysing frå neste kontraktsperiode 1.1.2016. Vi har i møte med Region Vest drøfta alternative rutetabellar. Rutetabell med tre ferjer heile året er opsjons rutetabell og vil bli lyst ut paralelt med rutetabell som er tilnærma løysinga i dag. Sogn regionråd arbeidar for auka rammer for å få treferjeløysing og "stive" avgangar.

Transportøkonomisk institutt har på oppdrag frå NHO Sjøfart gjort berekningar for samfunnsøkonomiske verknader av auka ferjefrekvens. Resultata tyder på at det er mogleg å oppnå samfunnsøkonomisk lønnsemd dersom visse føresetnader er oppfylt. Det kan vera interessant å få slik berekningar for ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik. TØI har svart at dei kan utføra oppdraget med å laga berekningar basert på transportmodellen dei brukte i rapporten og at arbeidet vil kosta om lag kr 50 000. Tiltaket vart drøfta i samferdslegruppa i sist møte.



Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 13/3681

---

Arkiv: 223

**Saksnr.:** Utval  
33/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.12.2013

**Sak** 33/13

### **Søknad om støtte til Framtidsfylket karrieremesser 2014**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Bergen og Trondheim i 2014.

#### **Vedlegg:**

Søknad frå Framtidsfylket for 2014, 3.11.2013  
Sluttrapport – Framtidsfylket karrieremesser i Bergen og Oslo 2013

#### **Saksutgreiing:**

#### **Bakgrunn:**

Framtidsfylket jobbar med å profilera Sogn og Fjordane og visa at regionen er attraktiv å bu og arbeida i. Framtidsfylket har nettsida framtidsfylket.no, har ansvar for den regionale traineeordninga og arrangerer årlege karrieremesser i storbyane og Sogndal. Framtidsfylket vart stifta som eit selskap av bedrifter i 2008 og er eigd av 25 verksemder (private og offentlege).

Framtidsfylket søkjer om midlar til å gjennomføra neste års karrieremesser i Bergen og Trondheim. Formålet med messene er å gje næringsverksemder og offentlege verksemder tilbod om ei samla profilering for å rekruttera unge til jobbar i Sogn og Fjordane. Messene får fram dei spennande jobbane som mange ikkje er klar over finst i vår region. Evalueringane tyder på at messene er innarbeidd som ein møteplass for studentar, nyutdanna og næringsliv. Sluttrapporten frå Framtidsfylket er lagt ved.

Budsjettramma er kr 1 442 000. Verksemdene dekkjer sjølve størstedelen av kostnadane (kr 1 052 000), i tillegg bidreg fylkeskommunen (kr 150 000) og regionane med midlar (kr 60 000x4 regionråd). Budsjettet ligg ved søknaden. Vi løyvde i fjor kr 50 000 til messa i Bergen og arrangement på Youngstorget/messe i Oslo.

#### **Vurdering:**

Karrieremessene er ein del av den etablerte satsinga på rekruttering til Sogn og Fjordane, arbeidet krev kontinuitet og tolmod. Messene gir oss høve til å profilera regionen og breidden i arbeidsmarknaden, og er ein møtestad som næringslivet og potensielle arbeidstakarar deltek på. Rekruttering er eit av delmåla i regionalplanen for Sogn regionråd. Støtta frå regionråda utgjer liten del av den totale finansiering, men Framtidsfylket viser til at støtta likevel er viktig

for at messene vert gjennomført på ein god måte. Administrasjonen tilrår at det vert løyvd kr 60 000 til Framtidsfylket i 2014.

Regionrådet har stått for å koordinera deltakinga på messene og har finansiert regionstanden som regionråds kommunane deltek på. Standavgifta for 2014 er totalt kr 27 000 for messene i Bergen og Trondheim. I tillegg kan det vera aktuelt å delta på messa i Sogndal til hausten og det bør det setjast av noko til ev. brosjyrer/materiell. I budsjettet er det derfor også sett av kr 35 000 av RUP-midlane til utgifter i samband med karrieremessene.

Framtidsfylket AS  
v/ Gro Rukan  
Pb 600  
6804 FØRDE



Regionråda i Sogn og Fjordane  
HAFS v/ Per Arne Tveit  
Sogn v/ Karina Nerland  
Nordfjord v/ Sigmund Vereide  
Sunnfjord v/ Trond Ueland

Førde, 3. november 2013

### **Søknad om støtte til Framtidsfylket karrieremesser 2014**

Framtidsfylket har (per 3. nov 2013) planar om å arrangere egne karrieremesser i byane Trondheim, Bergen og Sogndal i 2014. Denne søknaden omfattar berre Trondheim og Bergen.

#### **Bakgrunnsinfo**

Sogn og Fjordane har i fleire år organisert egne fylkesdekkjande næringslivsmesser i studiebyane Trondheim, Oslo og Bergen. Responsen har vore bra og evalueringane tyder på at messene er innarbeid som ein viktig møteplass for studentar, nyutdanna og næringslivet vårt. Dei fire regionråda i Sogn og Fjordane har i alle desse åra vore ein viktig støttespelar, og Framtidsfylket er særst takksam for både økonomisk støtte og engasjement. Begge deler er, og har vore, heilt naudsynt for suksess.

Størst er messa i Bergen. I 2014 hadde vi 50 stands og nærare 550 gjester. Evaluering har vore utført årleg, og både bedrifter og deltakarar melder om at messene er viktige møtepunkt. Fleire verksemdar rapporterer om tilsetningar som følgje av kontakt etablert på messene, og samstundes fortel evalueringa at gjestane har fått auka kunnskap om mangfaldet i jobbmarknaden. Konkrete resultat i høve omdømebygging for fylket er vanskeleg å måle, men at desse messene bidrar positivt til profilering av fylket vårt er det ikkje tvil om.

#### **Marknadsføring**

Det vil vere stor fokus på å nå fram til målgruppa. Evalueringa vår tyder på at sjølv om vi kjøper mykje annonseringstenester, så er det sosiale medier og «jungeltelegrafan» som likevel har størst verknad når vi inviterer til messer. Vi kjem til å ha auka fokus på korleis vi best mogleg nyttar desse media, samstundes som vi må kjøpe ein god del annonsering internt i eige fylket og i dei rette studentkanalane.

Vi ser og at mobilisering internt i fylket i dei ulike regionane kan vere avgjerande. Ei brei forståing hos verksemdene i fylket om at dette er «deira eige arrangement», og såleis oppmode alle i fylket til å framsnakke/spreie budskapet er eit viktig dugnadsprosjekt som har stor marknadsverdi. Framtidsfylket har i 2014 tilsett ein medievitar i staben, og vi vil vektlegge dette arbeidet tungt.

#### **Arrangementa**

Alle detaljane er ikkje 100% på plass, men i grove trekk:

#### **Trondheim**

Difi skal i eigen regi ha kurs for linjeforeninga til informatikkstudentane på dagtid. Alle desse studentane vert invitert ned på messa etterpå. Framtidsfylket har oppmoda fleire bransjar om og gjere noko liknande for sine fagområder.

Felles for begge byane:

- 17.00 Registrering og velkomstdrikk. Standane er opne.  
 17.30 Plenumssamling i 30 min vil ha som tema: «Skap ditt liv – ta gode val»  
 Ein motivator frå fylket 20 min  
 Kulturinnslag Linda Gytri 10 min  
 Bakteppe for alt: kjærleik til eit Sogn og Fjordane med mange moglegheiter.  
 Avslutningsvis ein film som syner kva verksemder dei frammøtte vil møte på stand.  
 18.00 Mingling og stands.  
 19.30 Servering av fingermat  
 21.00 Slutt på messeområdet

NB! Nytt av året:

22.00 «*Aftermesseparty*» - Vi samarbeider med ein musikar frå fylket som vil sleppe den nye plata si i januar. Ho vil ha konsert på ein utestad i dei to messebyane slik at vi kan invitere til gratiskonsert same kvelden som karrieremessa er. Slik kan vi fortsette den gode nettverksbygginga også etter at sjølve karrieremessa er slutt. Kostnadene med dette arrangementet vil musikaren sjølv stå for, men vi samarbeider om profileringa og invitasjonane.

**Samarbeidspartar**

Framtidsfylket AS er prosjektleiar og ansvarleg for både økonomi og gjennomføring. Vi har hovudtyngda av det administrative arbeidet for å planlegge dette, men vi ønskjer å jobbe tett saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane, utviklingsselskap og regionråd.

**Midlar**

For å kunne realisere desse profileringsmessene vil det vere naudsynt å lage til eit spleiselag. Den totale budsjetttramma for Trondheim og Bergen i 2014 er på ca. 1.442.000 kroner. Storparten av finansieringa for dette kjem frå standhaldarar gjennom deira betaling av standavgift. I tillegg søkjer prosjektet midlar frå alle 4 regionar i tillegg til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Framtidsfylket meiner det er viktig å oppretthalde innsatsen på desse karrieremessene. Dei er viktige for næringslivet og kommunane i Sogn og Fjordane, særleg med tanke på framtidige utfordringar i forhold til rekruttering.

Framtidsfylket søkjer difor kvar region i Sogn og Fjordane om kr 60.000,- i støtte til gjennomføring av karrieremesser i Trondheim 27. januar og Bergen 12. februar 2014.

Med venleg helsing,

Gro Rukan  
 Dagleg leiar

Vedlegg: Budsjett søknad karrieremesser 2014



Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 10/3291

---

Arkiv: 223

**Saksnr.:** Utval  
34/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.12.2013

**Sak** 34/13

### **Profilering av Sogn på nettsida til Framtidsfylket**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd set av kr 40 000 av regionale utviklingsmidlar i 2014 for å profilera Sogn på framtidsfylket.no.

#### **Saksutgreiing:**

Vi har dei siste to åra profilert kommunane på nettsidene til Framtidsfylket for å få fram at regionen er attraktiv å bu, jobbe og starta verksemd i. Det ligg i tiltaksplanen for 2013-2014 at rådet skal vurdera bruk portalen til Framtidsfylket. Tiltaket er knytta til delmålet i regionalplanen om å sikra busetjing og rekruttera arbeidskraft til regionen og strategien med å vidareutvikla og marknadsføra omdømme til Sogn og bulyst.

Flyttestraumen går ut av fylket, spesielt er det unge menneske som flyttar til byar for å studere, og dei fleste kjem ikkje attende. Dei fleste brukarane av nettsida er unge menneske som har ei viss tilknytning til eller interesse for Sogn og Fjordane. Ei undersøking gjort av Høgskulen i Sogn og Fjordane viser at om lag 2000 brukarar av nettsida til Framtidsfylket vurderer å flytta til fylket. Det viser at det finst ein arbeidskraftreserve blant unge personar som bur utanfor fylket vårt. Nettsida til framtidsfylket gir oss høve til å framheva karrieremoglegheiter, fritidstilbod og oppvekstmiljø i regionen. Dei gode historiane frå Sogn byggjer omdømme og kan inspirera fleire potensielle tilflyttarar og heimflyttarar til å sjå etter jobbar i fylket. Tal registrerte brukarar har auka siste åra og er no 4330 og tal abonnentar har auka frå 1890 til 4537 på to år.

Det er næringsnettverket som på omgang finn aktuelle kontaktpersonar og vinkling til intervju. Utgiftene går i hovudsak til å dekkja journalisten. Framtidsfylket distribuerer nyheitsbrev til abonnentane. Kommunane og andre kan spreie artikkelen på sine nettsider, via facebook mv. Administrasjonen tilrår at å vidareføra ordninga og at det vert lagt opp til om lag 6 nyhende i 2014.

## Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland  
 Arkivsak: 13/2019

Arkiv: 145

**Saksnr.:** Utval  
 35/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
 06.12.2013

**Sak** 35/13

### Budsjett 2014 Sogn regionråd

#### Tilråding:

Sogn regionråd vedtek budsjett for 2014 slik det ligg føre.

#### Vedlegg:

Framlegg til budsjett for 2014  
 Avtaler om drift av kommunenett og GIS-løysing

#### Saksutgreiing:

Sogn regionråd vedtok budsjetttramma for 2014 i regionrådsmøtet 13. september. Det er lagt inn deflator på 3,1% for løns- og kontorutgifter og for avtalen om GIS-løysing. Det er elles gjort mindre endringar i høve budsjetttramma mellom anna er kontigenten redusert i høve ramma, og det er i staden lagt inn bruk av fondsmidlar.

Totalt budsjett for Sogn regionråd er 4 937 000. Det er budsjettert med eksterne inntekter kr 1 797 000, kontingent kr 3 280 000 og fondsmidlar kr 300 000. Kontigenten dekker drift med kr 2 935 000 (sekretariatet, rådet, rådmannsgruppa, IKT, GIS-koordinator, programleiar barnehage og skule og regionleiarfunksjon/fagnettverk/delfinansiering utviklingsrettleiar) og utviklingsmidlar med kr 345 000. I tillegg til kontigenten kjem kr 1 781 000 ekskl mva til drift av kommunenett og GIS-løysing som vert fakturerte kommunane i ettertid. Avtalane er lagt ved.

Sogn regionråd disponerer kr 1 100 000 til regionale utviklingsprosjekt som er midlar frå fylkeskommunen, kontingent og fondsmidlar. Av desse er det sett av kr 230 000 til bustadanalysen, kr 50 000 til arbeidsdokument for ferjefrekvens, kr 120 000 til produkt- og marknadsanalyse for heilårsturisme, kr 240 000 til Visit Sognefjord, kr 135 000 til rekruttering (karrieremesser og nyhendesaker på Framtidsfylket), kr 100 000 til aktivitetar i ungdomsnettverket, kr 30 000 til entreprenørskapsmessene og elles er det avsett kr 195 000 til frie midlar/seinare fordeling.

Vedlegget viser fordelinga av utgifter og inntekter og kommunane sin kontingent.

Framlegg til budsjett for 2014 følgjer vedlagt.

## Sogn regionråd - budsjett 2014

		Budsjett 2013	Budsjett 2014
<b>Generell - utan divspes</b>			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	671 000	692 000
11002	Abonnement	2 000	2 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
11401	Andre annonser	4 000	4 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferanser	15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	15 000	14 000
12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	5 000	2 000
12900	Husleige, telefon, PC, arkiv mv (Internkjøp	237 000	244 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-964 000	-987 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7502 Drift råd</b>			
11151	Servering	50 000	50 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	20 000	20 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-90 000	-90 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7503 Rådmann</b>			
11151	Servering	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-20 000	-20 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7510 Kommunenett *</b>			
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	1 384 000	1 384 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 384 000	-1 384 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7511 IKT</b>			
11151	Servering	3 000	3 000
11953	Kontigentar og medlemsskap	8 000	8 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-11 000	-11 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7512 GIS-koordinator</b>			
11300	Telefonutgifter	10 000	7 000
11151	Servering	5 000	5 000
11500	Kurs og konferanser	33 000	30 000
12900	Intern kjøp	5 000	5 000
14500	Overføring til Vik kommune	545 000	640 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-533 000	-626 000
17750	Refusjon frå IKS	-65 000	-67 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7513 GIS- løysing *</b>			
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	457 000	471 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-387 000	-397 000
17750	Refusjon frå IKS	-70 000	-74 000
		<b>0</b>	<b>0</b>

<b>7514 GIS-prosjekt</b>			
14500	Overføring til Vik kommune	175 000	100 000
18106	Andre statstilskot	-175 000	-100 000
		<b>0</b>	<b>0</b>

<b>7550 RUP</b>			
12700	Konsulentonorar, ikkje oppg. pliktig	173 000	50 000
14700	Overføring til andre (private)	16 000	
14900	Avsetjing til seinare fordeling - kun budsjett	421 000	195 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-305 000	-60 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-305 000	-90 000
19500	Bruk av bundne fond		-95 000
		<b>0</b>	<b>0</b>

<b>7551 Reiseliv</b>			
11400	Stillingsannonser	62 000	
11151	Servering	11 000	
11500	Kurs og konferansar	7 000	
12700	Konsulentonorar	278 000	120 000
14700	Overføring til andre (private)	240 000	240 000
15500	Avsetjing til bundne fond	142 000	
17500	Refusjon frå andre kommunar	-120 000	-180 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-120 000	-180 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-200 000	
18106	Statstilskot	-300 000	
		<b>0</b>	

<b>7555 Rekruttering</b>			
14700	Overføring til andre (private)	200 000	135 000
19500	Bruk av bundne fond	-100 000	-65 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-100 000	-70 000
		<b>0</b>	<b>0</b>

<b>7556 Næringsutvikling</b>			
12700	Konsulentonorar		230 000
17500	Refusjon frå andre kommunar		-40 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen		-145 000
19500	Bruk av bundne fond		-45 000
		<b>0</b>	<b>0</b>

<b>7557 Ungdom</b>			
11500	Kurs og konferansar	20 000	20 000
15500	Avsetjing til bundne fond		100 000
17500	Refusjon frå andre kommunar		-50 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen		-50 000
19500	Bruk av bundne fond	-20 000	-20 000
		<b>0</b>	<b>0</b>



<b>7558 Bhg- skulesamarbeid adm</b>			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	765 000	789 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferanser	15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
12700	Konsulenthonorar	200 000	
12900	Intern kjøp (husleige)	89 000	91 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-894 000	-825 000
17700	Refusjon frå andre (private)	-210 000	-105 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7559 Bhg-skule kompetanse</b>			
11500	Kurs og konferanser	0	
12700	Konsulenthonorar	48 000	0
14900	Avsetjing til seinare fordeling - kun budsjett	320 000	0
14500	Overføring til kommunane		160 000
18106	Andre statstilskot	-160 000	0
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-160 000	-160 000
18900	Overføring frå andre (private)	-48 000	0
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7560 Entreprenørskap</b>			
11500	Kurs og konferanser	120 000	120 000
11703	Anna persontransport	75 000	75 000
12700	Konsulenthonorar, ikkje oppg.pl.	50 000	0
17500	Refusjon frå kommunar		-15 000
18500	Overføring frå kommunar	-25 000	-15 000
18106	Statstilskot	-120 000	0
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-25 000	-15 000
18900	Overføring frå andre (private)	-75 000	-75 000
19500	Bruk av bundne fond		-75 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7561 Skule Fagnettverk</b>			
11500	Kurs og konferansar	30 000	
11300	Faglitteratur	32 000	
14500	Overføring til andre kommunar	400 000	380 000
14700	Overføring til andre (private)	160 000	40 000
14900	Avsetjing til seinare fordeling (kun budsjett)		
17500	Refusjon frå kommunar	-400 000	-380 000
18106	Statstilskot	-30 000	-40 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-32 000	
18500	Overføring frå kommunar		
19500	Bruk av bundne fond	-160 000	
		<b>0</b>	<b>0</b>

7563 Barnehage			
11500	Kurs og konferansar	519 000	235 000
14700	Overføring til andre		10 000
18106	Statstilskot	-439 000	-245 000
15500	Avsetjing til bundne fond		
19500	Bruk av bundne fond	-80 000	
		<b>0</b>	<b>0</b>

### Samla kontingent for kommunane for 2014

Kommune	Folketal 01.01.13	Fast del	Variabel del	Kontingent for 2014	Kontingent i 2013
Aurland	1714	205 000	99 496	<b>304 496</b>	309 788
Balestrand	1337	205 000	77 611	<b>282 611</b>	287 523
Leikanger	2255	205 000	130 900	<b>335 900</b>	341 738
Luster	5041	205 000	292 625	<b>497 625</b>	506 273
Lærdal	2176	205 000	126 315	<b>331 315</b>	337 072
Vik	2731	205 000	158 532	<b>363 532</b>	369 849
Sogndal	7477	205 000	434 032	<b>639 032</b>	650 137
Årdal	5521	205 000	320 488	<b>525 488</b>	534 620
Totalt	28 252	1 640 000	1 640 000	<b>3 280 000</b>	3 337 000

### Kostnadsfordeling for kommunenett og GIS-løysing

Kommune	Folketal 01.01.13	Fast del	Variabel del	Sum for 2014	Sum for 2013
Aurland	1714	111 313	54 025	<b>165 338</b>	164 409
Balestrand	1337	111 313	42 142	<b>153 455</b>	152 593
Leikanger	2255	111 313	71 077	<b>182 390</b>	181 366
Luster	5041	111 313	158 892	<b>270 204</b>	268 687
Lærdal	2176	111 313	68 587	<b>179 900</b>	178 890
Vik	2731	111 313	86 081	<b>197 393</b>	196 285
Sogndal	7477	111 313	235 674	<b>346 987</b>	345 038
Årdal	5521	111 313	174 021	<b>285 334</b>	283 732
Totalt	28 252	890 500	890 500	<b>1 781 000</b>	1 771 000

## Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 13/266

---

Arkiv: 065

**Saksnr.:** Utval  
36/13 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.12.2013

**Sak** 36/13

**Orienteringssaker**

**Orienteringar og drøftingar**

1. Helsegruppa, næringsutviklings-/RUP-gruppa og samferdslegruppa
2. Rådmannsgruppa
3. Administrasjonen
4. Orientering om Sogn Jord- og Hagebruksskule ved rektor Bjørg Fritsvold
5. Status og framdrift for den nasjonale restrukturingsprosessen av destinasjons- og landsdelsselskapa ved reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord
6. Orientering om prosjekt for å vurdere samla plan for prehospitala tenester ved prosjektleiar og ambulansesjef Stian Sægrov, Helse Førde. Mandat er vedlagt.

**Skriv og meldingar**

Arbeidsgjevarkontroll i Sogn og Fjordane – brev til Skatt Vest



**Sogn regionråd**

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL

Sakshandsamar:  
Karina Nerland  
Tlf: 57 62 96 14  
Vår ref.  
13/3748-1  
Dato  
20.11.2013

Skatt Vest

### **Arbeidsgjevarkontroll i Sogn og Fjordane**

Sogn regionråd består av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Vi er kjende med at det vert vurdert endringar i organiseringa av arbeidsgjevarkontrollen.

Sogn regionråd vil med dette gje støtte til at arbeidsgjevarkontrollen vert lokalisert i Årdal.

Sogn er i dag ein bu- og arbeidsmarknadsregion som stadig veks tettare saman. Kommunane i Sogn har samarbeid innan fleire interkommunale tenester. Arbeidsgjevarkontrollen er eitt av desse samarbeidsområda som det er politisk semje i kommunane om å vidareutvikla. Interkommunal arbeidsgjevarkontroll i Sogn har vore eit samarbeid mellom 9 kommunar (regionråds kommunane og Høyanger) sidan 1999.

Årdal har få statlege arbeidsplassar. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har gitt kommunane Lærdal og Årdal omstillingsstatus. Å lokalisera arbeidsgjevarkontrollen for Sogn og Fjordane til Årdal vil gje viktige kompetansarbeidsplassar som det er behov for i omstillingsarbeidet som pågår. Regionen har utdanning på høgskulenivå i Sogndal som rekrutterer til arbeidsgjevarkontrollen.

Sogn regionråd støttar opp om at arbeidsgjevarkontrollen i Sogn og Fjordane vert lokalisert til Årdal.

Med helsing

Noralv Distad  
leiar i Sogn regionråd  
(sign)